



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 06.06.2016

---

**Sak nr.:** 16/3806-5

**Internt l.nr.:** 19289/16

**Sak:** 35/16

**Tittel:** Selskapskontroll 2016 - Eigarskapskontroll Fjord1

**Behandling:**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet gje slik tilråding:  
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Notat etter gjennomført kontroll av eigaroppfølging Fjord1 vert teke til etterretning.

**Endringsframlegg, som kom fram i møtet:**

Pkt 1 vert endra til:

1. Notatet etter gjennomført kontroll av eigaroppfølging i F1 Holding AS og Fjord1 AS vert teke til orientering.

Nye pkt. 2 til 5

2. Fylkestinget meiner at den reelle utøvinga av eigarskap og kommunikasjon mellom fylkeskommunen, F1 Holding AS og Fjord1 AS ikkje er i samsvar med den vedtekne organiseringa, og ber fylkesutvalet vurdere om fylkesordføraren bør veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS.
3. Fylkestinget meiner at direkte påverknad av styremedlemar i Fjord1 ikkje er i samsvar med den vedtekne eigarmeldinga. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utgreie konkrete retningsliner for eigarutøving mellom generalforsamlingar, og at dette vert vurdert i samband med handsaming av eigarmeldinga.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere rutinane for handsaming av dokument og informasjon som er unnateke offentleg. Ein ber også om at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring til fylkespolitikarane om offentleglova og teieplikt.

**Avrøysting:**

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Notat etter gjennomført kontroll av eigaroppfølging Fjord1 vert teke til orientering.
2. Fylkestinget meiner at den reelle utøvinga av eigarskap og kommunikasjon mellom fylkeskommunen, F1 Holding AS og Fjord1 AS ikkje er i samsvar med den vedtekne organiseringa, og ber fylkesutvalet vurdere om fylkesordføraren bør veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS.
3. Fylkestinget meiner at direkte påverknad av styremedlemar i Fjord1 ikkje er i samsvar med den vedtekne eigarmeldinga. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utgreie konkrete

retningslinjer for eigarutøving mellom generalforsamlingar, og at dette vert vurdert i samband med handsaming av eigarmeldinga.

4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere rutinane for handsaming av dokument og informasjon som er unnateke offentleg. Ein ber også om at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring til fylkespolitikarane om offentleglova og teieplikt.